

Merk postkassane betre!

15.12.2014



**Innbyggjarane i Uskedalen må merka postkassane sine betre. Han som køyrer aviser klagar over merkinga i bygda. Ingen stader er kassane så dårleg merka som her, påpeikar han.**

Sidan det har minka kraftig på avisabonnentar må budet no også køyra mediepost for å få same lønn og den får han ikkje alltid levera rett dag på grunn av dårleg merking.  
Det som trengs er namn og husnummer. Vegnamn er ikkje noko problem.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen